



Malik Jallo Jamboria
Skarsvegen 606
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9577 - 20/27904

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
13.05.2020

Pålegg om utbetring av avløpsanlegg - gbnr 147/108 Sellevoll

Tiltak: Avrenning til terreng frå slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr: 147/108 Sellevoll
Tiltakshavar: Malik Jallo Jamboria

Ved synfaring på Sellevoll 08.05.2020 er det påvist lekkasje frå avløpsanlegget på eigedommen din. Det er synleg kloakk over og rundt septiktank og det er kraftig avrenning til terreng. Det er også knytt luktproblem til lekkasjen.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgja for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgja for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Som strakstiltak har Alver kommune tinga tømning frå Norva24 A/S. Tanken vil verte tømt denne veka.

Avløpsløyninga ditt må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 15.08.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegga deg å utbetra forholdet og fastsetje tvangsmulkt.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra avløpsanlegget ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte ein godkjent røyrleggar. Etablering av nytt avløpsanlegg vil vere søknadspliktig.

Når anlegget er utbetra må du fylla ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnera det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingsloven § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skarsvegen 606
Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Malik Jallo Jamboria

Skarsvegen 606

5911

ALVERSUND